		Delegering av mynde til kommunalsjef	Side 1
	Mal utarbeidd av: Rådmann Jarle Landås	Delegert fra: Rådmann Jarle Landås	Dato:
		Delegert til:	Endret Dato:

Delegering av mynde til kommunalsjef

1. UTGANGSPUNKTET FOR DELEGERING AV MYNDE

I medhald av kommunelova § 23 nr. 4 har Radøy kommunestyre i sak 070/2016 vedteke delegering av mynde frå Kommunestyret til rådmannen. Sitat frå deler av vedtaket:

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak i einskildsakar eller typar av sakar som ikkje er av prinsipiell verdi eller kommunestyret har bestemt noko anna.

Om kva som er av prinsipiell verdi, seier Ot.prp. nr. 42 (1991.1992) m.a. følgjande:


Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser, og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis. Kjenneteikn for om saka er prinsipiell er:

- Innleier ny praksis.*
- Får følgjer for handsaming av liknande saker i framtida.*
- Har store konsekvensar, anten på det økonomiske eller på andre område.*
- Går ut over det som er nedfelt i politisk vedteke planverk og/eller andre styringsdokument.*

2. ADMINISTRATIV HOVUDSTRUKTUR – ORGANISERING

Den administrative organiseringa i kommunen følgjer av organisasjonskart. Pr. dd gjeld organisasjonskart datert 01.08.13, sjå websak nr. 13/891. Organiseringa har føresetnad om stor grad av vidaredelegering med sjølvstendig ansvar.

Kommunen har tre kommunalsjefar med særskilt ansvar for kvar sin sektor og generelt ansvar for heilskapen i organisasjonen. Kommunalsjefane er medlem av leiargruppa og pliktar å samarbeide om å finne løysingar på tvers av sektorane. Når rådmannen personleg ikkje er tilgjengeleg vil den einskilde kommunalsjef kunne tre inn i rådmannens fullmakter når det er naudsynt og etter nærare munnlege retningslinjer.

		Delegering av mynde til kommunalsjef	Side 2
	Mal utarbeidd av: Rådmann Jarle Landås	Delegert fra: Rådmann Jarle Landås	Dato:
		Delegert til:	Endret Dato:

3. DELEGERT MYNDE

Følgjande delegering gjeld frå rådmannen til kommunalsjef .
kommunalsjef har administrativt, fagleg og økonomisk mynde og ansvar innan sin sektor.
Dette tyder nærare bestemt:

A. Generelt

Kommunalsjef skal

- Følgje opp budsjett- og resultatmål og syte for planlegging av verksemda med rasjonell ressursbruk.
- realisere politiske vedtak og ivareta politisk vedtekne målsetjingar.
- sikre tilstrekkeleg kvalitet i drifta ved blant anna å etablere gode nok rutinar for planlegging utøving og kontroll av aktiviteten i sektoren. Lovpålagd internkontroll skal bli følgt opp.

Rapportering: leiar skal følgje opp rutinar for rapportering på økonomi, mål og anna. På eige initiativ skal leiar så raskt som mogleg rapportere uføresette forhold med alvorlege konsekvensar og andre saker av stor viktighet.

Rapportering: Kommunalsjef pliktar å rapportere til rådmannen om status på delegert område. Forhold med alvorlege konsekvensar og andre saker av stor viktighet skal rapporterast straks.

Mål: Kommunalsjef skal i samarbeid med rådmannen etablere mål for aktiviteten i sektoren og rapportere på måloppfyltinga.

B. Administrasjon og leiging


Leiar skal utøve leinga i samsvar med gjeldande føringar for leiging i Radøy kommune (leiarplattform).

Tenesteleiar er administrativ leiar innan tenesta. Dette inneber at leiar har personalansvar og instruksjonsmynde over tilsette. Leiar skal syte for å klargjere roller samt definere ansvars- og arbeidsområde for dei tilsette.

Tilsetting: sjå eiga rutine for tilsetting

Permisjon: sjå eige permisjonsreglement

Mediehandtering: Leiar har fullmakt til å uttale seg til media innanfor definert ansvarsområde. I saker som er eller kan bli kontroversielle/stor merksemd kring, skal tenesteleiar kontakte kommunalsjef, evt. rådmann før uttale til media.

		Delegering av mynde til kommunalsjef	Side 3
	Mal utarbeidd av: Rådmann Jarle Landås	Delegert fra: Rådmann Jarle Landås	Dato:
		Delegert til:	Endret Dato:

C. Fag

Kommunalsjef har fagleg mynde og ansvar for tenestene i sektoren og skal syte for at tenestene oppfyller krav som følgjer av lov samt politiske eller administrative føringar. Unntatt frå dette er når mynde ved lov er lagt til særskilte stillingar/fagprofesjonar. I slike tilfelle har kommunalsjef likevel eit overordna administrativt ansvar for området og skal syte for at det er tilfredsstillande heilskapleg styringssystem for forvaltning av fagområdet. Dette gjeld også rapporteringsrutinar.

Ansaret gjeld planlegging, drift og utvikling av sektoren. Kommunalsjef er tillagt ansvar for sakshandsaminga for det saksområdet som ligg til sektoren og har avgjerdsrett og vedtaksfullmakt i ikkje-prinsipielle saker innanfor området til sektoren. I saker som kan bli kontroversielle skal rådmann så langt som mogleg konsulterast. Kommunalsjef har fullmakt til å handsama klage på vedtak som underinstans. Leiar har fagleg mynde og ansvar for tenesta og skal syte for at tenestene oppfyller krav som følgjer av lov samt politiske eller administrative føringar.


D. Økonomi

Kommunalsjef har økonomiansvar og -mynde innan definert område for sektoren

- Utarbeide framlegg til budsjett og økonomiplan
- Driftsansvar innanfor budsjettramma
- Tilvisingsmynde, sjå økonomireglement og eigen oversikt i økonomisystemet
- Bidra i utarbeiding av budsjett og økonomiplan.
- Halde budsjettrama vedtatt av kommunestyret (budsjettkontroll)
- Rapportering etter gitte føringar
- Mynde til å omfordele midlar dersom det ikkje er i strid med kommunestyret sitt vedtak eller føresetnader. Unntak: leiar kan ikkje overføre midlar frå andre utgiftspostar til lønspostar.

4. VIDAREDELEGERING

Det er høve til å delegere vidare mynde så langt dette er tenleg og forsvarleg. Administrativ organisering, jf. organisasjonskart er grunna på ein føresetnad om stor grad av vidaredelegering med sjølvstendig ansvar på alle dei tre områda til tenesteleiarane. Vedtak om vidaredelegering skal vere skriftleg og skal meldast til rådmannen med kopi til andre som treng informasjon om det.

		Delegering av mynde til kommunalsjef	Side 4
	Mal utarbeidd av: Rådmann Jarle Landås	Delegert fra: Rådmann Jarle Landås	Dato:
		Delegert til:	Endret Dato:

Føringar i dette dokument for utøving av mynde skal gjelde i all vidaredelegering. Utarbeidd mal for vidaredelegering skal som hovudregel brukast for vidaredelegering. Ved praktiske vanskar kan delegering unntaksvis bli gitt munnleg, men delegeringa skal skrivast ned så snart praktisk mogleg.

5. TILBAKETREKKING AV DELEGERT MYNDE

Delegeringa kan til ei kvar tid endrast. Rådmannen kan instruere eller ta avgjerd i enkeltsaker. Presisering av delegeringa vert gjort ved behov.

6. VERKNADSTIDSPUNKT

Denne delegeringsfullmakta gjeld med verknad frå tilsettingsdato